

Referat foreldremøte i ungdomsskulen hausten 2022

Godt oppmøte. Dei alle fleste elevane var representerte.

Klassekontaktar for skuleåret 2022/2023 er:

- 8. - Gro Nilsen
- 9. - Cathrine Tjørhom
- 10. - Kari Andersen

Torger Åge (8. klasse) og Gunn Iren (9. og 10. klasse) møter frå skulen.

Møtet tek til med gjennomgang av *årets timeplanar, informasjon om heimesida og oppmoding om å abonnera* på nyhende derifrå.

Vidare gjennomgang av kor ein finn *månadsbrev*, [skulerute](#), og [plan for kvalitetsutvikling](#).

Skulen informerer også om mobbeknappen. Det kjem opp spørsmål om meldingar via denne gjeng direkte til rektor. Rektor bekreftar det.

Dernest presenterer skulen litt info om *vekeplanar og tidspunkt for utdeling*, og opplyser også om når foreldrekonferansane vert avhalde i haust (veke 44).

Deretter litt kort informasjon om *VISMA* og bruk av denne til å mellom anna melde fråver. Informasjon frå skulen vert formidla via *VISMA*.

Neste tema på møtet er *trafikktryggleik*, og spesielt vert nemnd at parkering og henting skal føregå nord for fotballbanen, med innkjørselen med postkassane. Mellom 08.00 og 15.00 er det innkøyring forbode i skulegården for andre enn skulens personale.

Nasjonale prøvar vert avhalde på følgjande datoar;

- 8. (lesing), 14. (rekning) og 21. (engelsk) september for 8. klasse.
- 21. (lesing) og 23. (rekning) september for 9. klasse.

Sosialtreningsprogrammet *MOT* er i gang, og grunnlag for dette, og datoar vart formidla. (Veke 35, 37, 38 og 43).

Kort informasjon også om mobilbruk og lagring av desse på skulen.

Andre saker som vart tekne opp var:

- Påmmining om sommarminne
- Samtykkeskjema for dei med valfag fysisk aktivitet og helse.
- *Estlandstur* - Stor interesse. Lite konkret. Elevane synte interesse i vår, men fakta i saka er ukjend. Her må ein få meir informasjon frå administrasjonen. Det vart også uttrykk skepsis om å dra i austerled no, med tanke på den uro som er i nærområda der. I tillegg er det vel og utfordrande med få lærarar tilgjengeleg.

Frå dei føresette kom følgjande innspel til saker:

VISMA

Informasjon er ynskjeleg å få også i Visma-appen, då det letare kjem fram til rett mottakar enn i ranselpost tidvis er.

VALFAG

Datoar for timar utanfor skuletid er ønskeleg at kjem fram på årsplanen i dei faga det gjeld.

- Torger Åge Sinnes og Gunn Iren Josdal